

Referat frå møte i skoleutvalet 05.06.25

Møtt:

Joel Sveberg, Lars Håkon Halle, Simon H. Iversen, Andrea Lien (elevrepr.)
Hugo Pedersen, Mons Otnes, Robin Tellesbo (samfunnskontakt)
Erik Erland Halle (ansatterrepr.)
Hilde Andersen (referent/rektor)

Forfall:

Rakel Polden (leiar og foreldrekontakt vg3), Anita Stavik (foreldrekontakt vg2)

Agenda: Høyring ny tilbod og skolestruktur

1. Informasjon om innhaldet i høyringsdokumentet
2. Arbeid med utkast til høyringsuttale
3. Planlegge ope møte i regi skoleutvalet
4. Ev./andre moment

Informasjon om innhaldet i høyringsdokumentet

Rektor orienterte om innhald og prosess. Informasjon om dette kan ein finne på heimesida til Møre og Romsdal Fylkeskommune: [Dagens skolestruktur - Møre og Romsdal fylkeskommune](#)

Arbeid med utkast til høyringsuttale

Medlemmane kom med innspel til høyringsuttale. Rektor/referent samanfattar og sender utkast til medlemmane. Vil bli justert etter behov og nye moment teke med når desse kjem.

Ope møte om høyringa i regi skoleutvalet

Skoleutvalet arrangerer ope møte tors. 12. juni kl. 18. Kompetanse- og næringsdirektør Erik Brekken kjem for å orientere om innhaldet i høyringsdokumentet og om prosessen. Det vil bli moglegheit til å stille spørsmål. Skoleutvalet vil å ta i mot innspel til høyringsuttalen på møtet.

Ev./andre moment

- Mons Otnes orienterte om at Trøndelag sør no vurderer å samle dei yrkesfaglege utdanningstilboda på Melhus. Om dette skjer vil Rindalingane få betydeleg lengre reiseveg nordover om dei ynskjer å velje yrkesfaglege tilbod i Trøndelag.
- Hugo Pedersen gjekk igjennom undersøking som NIPR har gjennomført. Dei har spurt ungdomsråda på Nordmøre om kva som er viktigast når dei skal velje vidaregåande opplæring. NIPR vil kome med eigen høyringsuttale med utgangspunkt i denne.

Hilde Andersen
Rektor/referent